

Innleiing, Takke

Eg vil først takke for invitasjonen. For oss som arbeider med landbruk i Møre og Romsdal fylke er dette området viktig. Kulturlandskapet er viktig, og samarbeidet med lag og organisasjonar som arbeider for å ta vare på kulturen er viktig. Derfor er eg særleg glad for invitasjonen til å snakke på Storfjordstemnet.

Til dagleg er eg fylkesjordsjef i Møre og Romsdal. Og problemstillingane som blir tatt opp her, engasjerar oss både i og utanfor arbeidstida.

Frå naturalhushald til marknadsøkonomi

Det finnes lange og djupe fjordar fleire stadar på jorda, og det finnes høge fjell og bratte skrenter. Kva er det som gjer dette området spesielt ? Kva er det som har fått internasjonal presse til å løfte fram Geiranger ? Svaret er synleg. Det er spora etter menneska i dette landskapet . Det er kulturlandskapet, bygningane og andre kulturminne, som fortel om livet langs fjordane. Og det er dette – spektakulær natur , saman med tydelege spor etter folk gjennom hundreåra – som gjer dette området så unikt. Å hyllegardane med eng og åkerlappar fortel ei dramatisk og historie om ei nær fortid. Det er dette som dreg turistane, og som gjer at geirangerfjorden blir løfta fram mellom dei heilt fremste reisemåla.

Geiranger er eit nasjonalt fyrstårn for reiselivet. Dei som besøker dei indre fjordbygdene får møte vill natur, der små og store grønne gardsbruk er ramma inn av sjø, bratte stup og høgfjell. Dei små veldrevne gardsbruka viser samspelet mellom natur og menneske, og fortel histora om folket langs fjorden gjennom hundråra. Dei fortel om kampen i kvardagen, om korleis folk folk bygde, lagde mat og utnytta alt i naturen utan å øydeleggje han. Det er saga om livet i fonnafåre, forsaking og fattigdom. Det er dette som er dreg ferdafolket til fjordane, og det er desse verdiane vi no kan tape.

Gardsbruka i fjordbygdene er små og brattlendte, og dei har neppe plass i ei volumorientert konkurranseutsett landbruksnæring. Brukstalet går raskt tilbake, og arealet som vert beita er mindre år for år. Vi er inne i ei skjeringstid. Samtidig som reiselivet tek seg opp, går landbruksnæringa sterkt tilbake. Fjordabonden kan ikkje tene til livet på å produsere mat, og han har lite eller inkje att på å stelle landskapet. Skal landskapet stellast må bøndene sjå muligheiter, og kunne ta del i inntektene som reiselivet skaper. Det ligg i korta mange av løysingane ligg utanfor det tradisjonelle landbruket. Skal dei små bruka vere økonomisk berekraftige, må bøndene levere meir en berre råvarer. Denne problemstillinga er naturlegvis aktuell mange stadar i landet, men ingen stad er dette tydelegare enn i Geiranger og bygdene rundt. Landbruket er brattlendt og tungdrive, samtidig som pengesterke utlendingar nesten bokstaveleg strøymar rundt tuna. Muligheitene ligg her, men mykje er avhengig av at vi klarar å ta dei rette grepa før det er for seint. Før den siste sauebonden har slått av lyset i fjøsen. Dette er ikkje berre landbrukspolitik, men næringspolitikk i brei forstand.

For meg gir det å besøke hyllegardane litt av same kjensla som å vere i kyrkja. Det gir ei kjensle av høgtid å sjå korleis dei levde, arbeidde og budde. Berre for kort, kort tid sidan. Og eg trur at mange kjenner det slik.

Landbruket her omkring klarte seg godt så lenge økonomien var basert på naturalhushaldet. Så lenge kvar produserte det dei trongde for å leve var det fornuft i å busette seg slik at du kunne hente maten både frå fjorden, fjellet og garden. Når spelereglane forandra seg, og landbruket gjekk frå naturalhushald til marknadsøkonomi, måtte landbruksnæringa tape. Folket har i høgste grad klart å finne seg utkomme, det er så. Men landbruket i dei inste fjordane kan ikkje konkurrere på volum og pris. Brukstalet har gått ned og ned, og beitedyra har vorte færre og færre. Denne utviklinga har pågått i lang tid.

For kvar enkelt bonde er det ikkje sikkert at dette har vore eit økonomisk tap. Det er velstand rundt oss, og dei som flytta frå gardane eller la ned drifta har klart seg godt. Privatøkonomisk har dei knapt hatt det bedre enn i dag. Det er fellesverdiane – ikkje bøndene - som har tapt. Der det ikkje er landbruk, grør

landskapet att. Og spora etter folk forsvinn. Så – for at landbruket skal vere økonomisk berekraftig, må det vere lønnsomt.

Det tradisjonelle landbruket er kjennetegna ved at det skal produsere mest mulig mat til lavast mulig pris. Dette – som vi her kan kalle produksjonslandbruket – har neppe særlege vekstmuligheiter i dei indre fjordområda.

Det andre vi kan snakke om er kulturlandbruket. Og langt på veg er det **kulturlandbruket** næringa her inne må kvile på.

Kulturlandbruket er kjennetegna ved at det er fellesskapet som er kjøparen, ikkje den enkelte forbrukar. Det er kjennetegna ved at levkåra er bestemt av politiske vedtak. Det er også typisk at produkta spenner vidt, og at ikkje alle kan seljast på ein åpen marknad. Her finnes det unnatak – både opplevingar, lokal mat og anna er gode lokale produkt, som sikkert kan finne ein prislapp.

Det er ikkje slik at desse formene kan leve langt frå kvarandre. Kulturlandbruket har element av produksjonslandbruk, og produksjonslandbruket har element av kulturlandbruk. Slik må det vere.

Men for kulturlandbruket som for produksjonslandbruket må bonden ha rimeleg sikkerheit til inntekter. I dag og dei næraste åra framover. Utsiktene for kulturlandbruket har vore forsiktig sagt dystre ei tid, og mange har vore redde for at utviklinga – særleg her i verdsarvområdet – var koma så langt at det var vanskeleg å snu. Derfor var det særleg gledeleg at vi frå 2008 har fått verktøy til å prøve å snu litt av denne utviklinga. Dette skal eg seie litt meir om her.

Soga om kulturlandskapsmidlane

Det er ingen ting som kjem av seg sjølv. Når de får til noko, er det alltid som konsekvens av flinke folk med engasjement. Eg vil benytte anledninga til å fortelle om kulturlandskapsmidlane vi no har, og litt om korleis dei kom til.

Brukstalet har gått ned og ned, og beitedyra har blitt færre og færre. Og dette vises att i landskapet. Bøndene var bekymra for inntekter og framtid, og dei som var engasjert i verdensarv og reiseliv var bekymra for konsekvensane av at landskapet grødde att.

Dette spissa seg sommaren 2007, då det var folkemøte med politikarar og media, og tema var landbruket i storfjordområdet. Etter dette reise ein delegasjon her frå – to ordførarar, ein hotelldirektør og ein grunneigar – til Oslo for legge fram bekymringane sine. Dette møtet gjekk godt, og i desember 2007 kom ordførarane til fylkeshuset og bad om hjelp for å få ei satsing for å redde kulturlandskapet. Eg var sjølv med på møtet den gongen, med fylkesordførar, landbruksdirektør og ordførarane. Fylket gjekk i samarbeid med kommunane. Vi vart enige om å samarbeide for å slå gjennom. Det første grepet var å lage ein dokumentasjon på kva som MÅTTE gjerast for å stanse utviklinga, og kva det ville koste. Denne rapporten vart lagt fram ... og vart på nytt tatt opp med Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet. Tida for dette grepet var rett. Og sjølv om mange hadde håpa på endå bedre betaling, vil eg påstå at utfallet vart godt for området her. Frå Jordbruksavtalen 2008/2009 vart det sett av 1,225 millionar kroner for å arbeide med kulturlandskapet. Og frå Miljøverndepartementet kom det ein million øyremarka til same formål. KRD hadde frå før stilt noko midlar til disposisjon for å hjelpe prosessen.

Dette var noko heilt nytt på mange måtar. For det første skal alle merke seg at bøndene stiller opp. Jordbruksavtalemidlane er henta direkte frå alle bønder si inntekt. Og når disse midlane kunne kombinerast med bidrag frå miljøstyresmatkene, vart dette nok til at vi kunne få ting til å skje.

Landbruksavdelinga fekk utfordringa med å omsette desse pengane i kulturlandskap. I samarbeid med kommunane har vi fått opp ei ordning slik at bønder som driv jorda i verdsarvomrdet får eit ekstra – ikkje ubetydeleg tilskot , og dei som har dyr i området får betalt for det. Dette er ei heilt ny, og heilt spesiell ordning for akkurat dette området, og kjem i tillegg til dei vanlege ordningane.

Inntrykket mitt er at dette har vorte godt motteke, og at medisinen har virka. Mange – nær alle – bønder vil skrive avtale, og fleire dyr er på beite. Vi håper at vi skal klare å snu utviklinga, og at det igjen skal bli litt optimisme og glød mellom dei som driv småskala landbruk. Som med fjellgardane som heldt på å dette ned på syttitalet, var det også no på høg tid at noko vart gjort. Landbruket gjenoppstår ikkje frå ingen ting. Vi må ha eit fundament å bygge på . Hadde vi ikkje kome i gong med desse tiltaka NO, kunne utviklinga blitt uråd å snu.

Men naturlegvis – også desse ordningane må pleiast og stellast for at dei skal vare. I første omgang veit vi at pengane kjem til og med 2010, men vi håper naturlegvis på ei meir varig ordning. Og her er det faktisk mykje opp til oss sjølve. Vi må vise at det fungerer, Vi må vise at vi kan produsere kulturlandskap, og at dette er rette måten å gjere det på. Klarar vi det, og er partane fornøgde med ordninga, trur eg at muligheitene for å få ei varig ordning er gode.

Dette grepet som er gjort, er heilt nytt og uprøvd. Og eg ber igjen alle merke seg korleis landbruksnæringa har stilt opp for at dette skal kunne skjer.

Eg veit ikkje kva som skjer framover. Eg veit at vi har gode verktøy for dei komande to åra, men lenger fram er dette politikk. Og politikk er avhengig av stemningane, og resultata, og korleis vi klarar å vise fram det vi gjer. Så her har alle som vil ha levande bygder eit ansvar og ei oppgåve.

Er landbruket lønnsomt ?

Eg har sagt litt om kva ressursar vi har sett inn i jordbruket i verdsarvområdet for å halde kulturlandskapet oppe. Det naturlege spørsmålet for marknadsøkonomen er om dette er lønnsomt

Slik eg ser det er dette av det mest lønsame landbruket vi har. Det er ein viktig del av oss sjølve. Det gir grunnlag for turisme, trivsel, internasjonal oppmerksomheit og lokal identitet. Dette er pluss jordbruk, men du finn ikkje att verdiskapinga på oppgjeret frå meieriet.

I mitt perspektiv er dette landbruket svært lønsamt for nasjonen Norge. Så lønsamt at vi ikkje har råd til å kvitte seg med småbøndene i fjordlandskapet. Det er ikkje snakk om å gi dei støtte. Tvert imot er det snakk om å gi dei mulegheit til å stimulere norsk økonomi.

Like lite som det er lønsamt å sluntre unna vedlikehaldet på ei bygning, like lite er det lønsamt å sluntre unna vedlikehaldet på verdsarven. Difor må storsamfunnet legge tilhøva til rette for at dei unge kan ta over gardane og på den måten sikre både verdsarven og geoturismen. Gardbrukarane må få løn for å stelle kulturlandskapet og sjå etter verdsarven. Då vert landbruket eit verkemiddel meir enn eit mål i seg sjølv.

Målet er kulturlandskapverdiane, det som før vart sett på som fellesgode og biprodukt av primærproduksjonen (kjøt, ull etc). Det er dette som er sjølve kjerna i sveitsisk landbrukspolitik. Sveits får 70 % av inntektene frå reiselivet, og her er det "opplest og vedtatt," at utan eit velstelt kulturlandskap kjem ikkje turistane.

I nasjonalrekneskapen vil ressursar til driftinga av eit småskala landbruk i verdsarvområda vere ei god – ja ei nødvendig - investering. Ei nødvendig investering i norsk reiselivsnæring. Det er den næringa som er tappekranen. Det er den næringa som skal hauste dei kommersielle fruktene.

Kulturbegrepet

For ikkje så lenge sidan var kulturbegrepet meir eller mindre synonymt med finkultur. Mange med pengar reiste til Amsterdam for å sjå Rembrandt, eller til Operaen for å få med seg eit musikkstykke.

Når begrepet bygdekultur var brukt, tenkte dei fleste på pyntakulturen også her, bunad, folkedans oa.

I nyare tid har vi begynt å bruke noko vi kallar det utvida kulturbegrepet. I dette ligg at vi tek med fotball, fritidsaktivitetar og anna.

Eg har lyst til å innføre eit nytt begrep – den egentlege kulturen. I det ligg levesett, levemåte, omgangsformer, bygningar og næringsgrunnlag. Og ikkje minst handlingsbåren kunnskap. I motsetnad til finkulturbegrepet, som litt blir som å kikke gjennom nøkkelholet, har den egentlege kulturen heile breidda i seg. Det er denne som er verdifull for oss, og det kan vere denne som er vanskeleg å bevare.

Vi har hatt fokus på bygningsvernet sidan syttitalet, og no har vi oppmerksomheit rundt landbruket og kulturlandskapet som kulturberar og kulturelement. La oss heller ikkje gløyme maten og mattradisjonane som ein viktig del av vårt opphav og vår kultur. Vi har mykje å vere stolte av, og dette må løftast fram for å gjere bildet komplett. Det er ikkje sikker at det er synsinntrykka som lever lengst hos den som besøker oss. Det kan like godt hende at det er måten han blir tatt mot på, og kanskje like viktig – smakane og luktene som han knytter til besøket.

Derfor er lokal mat og lokal foredling ei viktig sak for bygdekulturen. Og det er også ein av grunnane til at vi på landbrukssektoren brukar krefter på å hjelpe fram fleire som vil ta vare på tradisjonane.

Her som elles dreiar dette seg om sjølvtru og sjølvkjensle, og å bli oppmerksom og medviten på verdiane vi sit på.

Verdi – eit relativt omgrep – Tid , stad ,

Kva som er verdifullt er ei subjektiv sak, knytt både til marknad, tid , og ikkje minst kven som ser. Det du står midt oppe i er sjeldan så spesielt og verdifullt. Og det du flyttar frå fordi det ikkje gir nok inntekter blir sjeldan eller aldri oppfatta som verdifullt. Kjenslemessige bank, ja kanskje det. Men ikkje verdifullt.

Og det er knytt til tida – eller tidsånda. Bygdekulturen hadde ikkje ein høgt prislapp før krigen. Og ikkje på femti, seksti eller syttitalet heller. Desse åra var det heilt andre ideal som rådde, og det var sikkert ikkje så mange som brydde seg om gamle hus som stod til forfall opp på fjellhyllene. Fortida – og levemåten – stod altfor nær til at vi såg eller anerkjente verdiane.

Kanskje mange av oss må ha hjelp frå andre for å sjå verdiane vi sit på . Kanskje vi må ha denne oppmerksomheita frå National Geographic og frå hundretusentals turistar som kjem att til fjordane. Det kan hende det er slik, at vi ser mykje gjennom andre sine auge.

Etter det eg kan sjå vart dei første grepa for ta vare på verdiane gjort på syttitalet. Sunnmørsposten skreiv nokre ord om det denne veka, og kunne fortelle om eit møte i juli 1975 , der Karl Mjelva og åtte andre (som ikkje var namngitt) møttes for å diskutere korleis verdiane kunne vernast. Dette vart – etter det eg kan forstå – oppstarten til Storfjordens venner. Det var på høg tid at det skjedde. Hadde forfallet kome lengre, hadde det neppe kunne ha vore gjort. Men samtidig trur eg heller ikkje det kunne ha vore gjort så mykje tidlegare. Tida var ikkje inne for det – dei fleste av oss stod det for nært til at vi klarte å sjå verdiane. Det var pionerane som hadde løfta blikket, og hadde sjølvkjensle og innsikt nok til å sjå kva det dreia seg om. Mange av oss andre har kome etter.

Dette med verdiar er ei høgst relativ sak. Det er gjerne slik at det med høg verdi tar vi vare på, og det som ikkje har ein høg prislapp er det liksom ikkje så nøye

med. Men marknaden fungerer ikkje for kulturverdiar. I alle fall IKKJE for den type kultur vi her snakkar om. Det er mange privatpersonar som etterspør velstelte landskap, men det er ingen som betalar for det.

Skulle vi bruke vanlege mekanismer for prising, ville altså konklusjonen bli at areala ,historia og kulturen IKKJE har verdi.

Etter vanlege prinsipp får derfor blir derfor kulturlandskapet verdiløst.

Oddbjørn Bruaset har gjort ein stor og viktig jobb for å heve den kollektive bevisstheita om norsk kultur, levemåte og kulturlandskap. Og Storfjordstemnet kan sjåast på same måten. Her møtes folk for å oppleve og diskutere samarbeid, dugnadar, historie og kulturlandbruk.

Vi følgjer nøye med.

Eg har fleire gongar påpeika at det er fellesinteressene som må fram skal kulturlandbruket overleve. Og vi – Møre og Romsdal fylke – er slik sett representant for slike fellesinteresser. Vi følgjer nøye med, og har støtta opp om alle prosessane over lang tid. Enten det er bygningsvernet, planprosessen eller no sist arbeidet med å snu den negative utviklinga for kulturlandskapet og landbruket. Eg synes resultatane har vorte gode. Ikkje på grunn av Møre og Romsdal fylke, men på grunn av målretta arbeid av mange ildsjeler på mange nivå over mange år. Og fordi fellesinteressene – representert ved fylket, kommunane, nokre departement og landbruksnæringa har støtta opp om arbeidet.

Det med immaterielle verdiar er ei litt flyktig sak. Det stiller krav til kunden. Og mykje av kunnskapen som skal til for å verdsette kulturlandskapet, og kulturminna høyrer til folk som er godt opp i åra. Kanskje noko av det viktigaste de kan gjere framover, er å spreie kunnskap om kulturen, tradisjonen og levemåten mellom yngre folk enn oss femtiåringar. Det finnes ingen annan måte til å fortelle ungdomen om livet til oldeforeldre og tippoldeforeldre enn å la dei sjå

det sjølv. Det er først at dei har forstått livet og kavet til forfedrane, at det kan bli ein del av deira eigen identitet.

Og kanskje akkurat derfor er det heilt rett og viktig den satsinga som no blir gjort av gjennom verdsarvstyret og satsinga borte på fjordsenteret. Det er ingen ting som kjem av seg sjølv, og her har dei eit godt fundament for viktig arbeid i mange år framover. Vi på fylket følgjer nøye og interessert i det som skjer.

Eg vil avslutte med å helse til alle ildsjeler og deltakarar i Storfjordens venner for den eineståande arbeidet som er gjort her gjennom åra. Fokuset så langt har vore bygningane, men sideeffektane har vore dramatiske. For alle som er interessert i kulturvern, for folk som bur i bygdene her, for reiselivsnæringa, for bøndene som no får meir støtte til å halde oppe drifta og for Norge som gjennom heile konseptet har fått eit internasjonalt fyrårn som kan seljast enten vi snakkar om reisleiv, verdsarv, multifunksjonelt landbruk . Det er ingen ting som kjem av seg sjølv – og pionerane som hadde nok sjølvtru og innsikt til å ta tak, har starta noko stort.

.